

# ALVER KULTURRÅD

Til  
Alver kommune - kulturkontoret  
v/ Bente Kopperdal Hervik

2. feb 2021

## Uttale «Universell utforma tilkomst til dagsturhytta i Byngja»

Styret i Alver kulturråd meiner at saksutgreiinga er grundig, vel fundert og det er viktige prinsipp som leggast til grunn. Styret ser positivt på at denne dagsturhytta får ein universell tilkomst i eit fantastisk fint naturområde. Det er særdeles bra at planar er utforma med fokus på estetikk og tilpasning til natur.

Frå kulturperspektiv er det fornuftig at hytta har lett tilkomst grunna etterfylling av minibibliotek og evt utsmykking. Styret ser for seg at dagsturhytta og kan vere naturleg arena for eventuelle konsertar og friluftsutstillingar. Den enkle tilkomsten gjer at mange aktivitetar kan gjerast som lavterskelt tilbod og rotasjon på aktivitetar kan skje på kort tid.

Økonomisk er prosjektet ei investering i folkehelse, og dei kommunale kostnadane er små i forhold til totalkostnadene. Tilrettelegging av aktivitet gjev auka aktivitet.

Styret i Alver kulturråd er takknemleg for å kunne bidra i dette viktige folkehelsearbeidet.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes  
Styreleiar



Per Ole Ekker  
Sekretær